

HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2011

ÅRGANG 53

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Les om gjevartenesta til
kyrkjelydspedagog.
-Vil du bli med? Sjå side 13*



*Speidaren i
Skjold er 40 år
Les meir side 10*



Dina Kvinnesland er vinner av teiknekonkurransen for gruppa 5. - 7. klasse
frå alle skulane. Ho er 12 år og går på Sandeid skule.

Det lyser i stille grender

Det lyser i stille grender
av tindrande ljós ikvel,
og tusunde barnehender
mot himmelen ljosi held.

Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens frelsar
som barn i ein vesal stall.

Han låg der med høy til pute,
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.

Der song dei for fyrste gongen
ved natt over Davids by,
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.

Songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt.
um barnet, Guds son og sonar
som myrkret for evigt batt.

Tekst: Jacob Sande



God jul!



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3243 05 05202
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest/fengelsesprest:
Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Kyrkjeverja i Vindafjord
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Biskopen har ordet

ved biskop Erling J. Pettersen



Julehelsing frå biskopen

*Lyset skin i mørkret
og mørkret har ikkje overvunne det.*
Joh 1,5

Orda frå Johannesevangeliet sitt første kapittel vart sungne for første gang frå Bibel 2011 i Skåre kyrkje i Haugesund under den store lanseringa av ny bibelomsetjing i oktober. Eg sat og lytta til Arne Hadland sitt verk *Ordet ble menneske* og vart gripen både av framføringa og av den nye omsetjinga: *mørkret har ikkje overvunne det*. Dette er det som vi i ein sum treng for å kunne møte dei mørke dagane med håp og tru for framtida.

Vi kjenner oss alle på ulikt vis ramma av det som hende i landet vårt 22.juli. I Stavanger bispedømme mista vi tre ungdomar, og for mange familiar vil denne julehøgtida verte prega av sakn og sorg. Ein av dei overlevande AUF-arane sa til

meg at han hadde sett vondskapen i auga på Utøya. Men han la til med overtyding at hat og vondskap ikkje skulle knekke kampen for rettferd, fred og forsoning.

Når ungdomane sjølv så sterkt peikar på kjærleiken sitt eige språk, kan vi stadfeste det ut frå Bibelen si samla framstilling om det største vi har å dele: Kjærleiken. Ein kjærleik som fekk ansikt i Jesus Kristus. Ein kjærleik som lyser så sterkt at ein av verds litteraturen sine vakraste perler, første kapittel i Johannesevangeliet, vert vårt vern mot vald og vondskap. Eg kan ikkje tenkje meg nokon betre gáve i mørketida enn trøysta og håpet i desse orda: *Lyset skin i mørkret og mørkret har ikkje overvunne det*.

Velsigna julehøgtid.

Erling J. Pettersen
Stavanger biskop



Teikna av Marita B. Trovåg, 5. klasse ved Vik skule.



Av Steinar Skartland

Eg gjekk på gymnaset i Haugesund, ein gong på 70-talet, og kom der med i skulelaget. Når vi møttest hadde vi Bibelen med. Min var nynorsk og 1938 rettskriving. Når eg skulle lesa høgt frå den måtte eg omsetje undervegs. Det var ikkje lett for dei som ikkje var vane med ”gammal nynorsk” – å forstå. Ord som: umvendingi, kasteskovli og honom, kunne vera vanskelege nok å få med seg. Men så kom nye utgåver. Det vart lettare å lesa og forstå, sjølv om eg undrast på kvifor dei ofte nyttar ord som var lite kjende i daglegspråket.

Eg har hatt søndagsskulen i mange år. Ein del av det som står i Bibelen har eg måttå forklara for borna, fordi språket er framandt. T.d. ”som me og forlet våre skuldmenn.” Skal me stikka av? Jo, eg har hørt det er sagt at vi skal ”be om forlatelse” når vi har gjort gale mot nokon. Men i dag er det vel ikkje så mange som knyter saman det å forlata nokon med det å gjera godt igjen.

Men nå er det komne ei ny omsettjing. Ei Bibel-utgåve som prøver å gje oss bibelorda i vårt eige og borna våre sitt språk. Førebels har eg berre lese i den på internett (www.bibel.no), men det gler meg at nå kan eg lesa bibelen slik at også folk av i dag forstår. I Herrens bøn, som nå påkallar ”Vår far i Himmelén,” finn eg orda: ”og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.”

Det fine med bibelen på internett er at eg enkelt kan skifte mellom ulike omsettjingar på bokmål og nynorsk. Sjå korleis det stod før og nå. Og der få hjelp til å forstå ordet slik der er gjeve oss. Men den nye 2011 utgåva på nynorsk finn eg så litlest at den må eg jammen få kjøpt meg. Kanskje eit godt julegåvetips?

God advent.

Innbjoa bedehus Restaurering og innviingsfest



På festen underheldt tre av dei sentrale duggnadspersonane med ein ”heimelaga” duggnadssong. Frå v: Gunnar Norenes, Elin Gjerde og primus duggnadsmotor Leiv Tindeland.

Denne sommaren og hausten har det vore gjort mykje renovering og fornying i og rundt Innbjoa Bedehus. På grunn av langvarig fuktskade inne i kjellaren har ein grove ut og drenet ute langsmed heile grunnmuren. Samstundes vart vassinnataket til huset fornya og noko av uteområdet renoveret med støttemur og planting.

Inne er heile kjøkenet i kjellaren fornya frå botnen av og viser seg no som eit lett og lyst og moderne kjøken. Opper er

gong og toalett måla og stelt i ljose fine fargar.

Sundag 23. oktober 2011 var det så innviingsfest på Bedehuset for innbedne duggnads- og bygdafolk. Bedehuset er no blitt eit oppgradert, fornya og tenleg hus som bedhusstyret håpar og trur vil bli til stor nytte og velsigning for unge og eldre i Bjoabygdene.

Ernst Arne Sælevik.

Vågen bedehus 100 år

Jubileumsskrift klar til markeringa

Den 10. desember 1911 vart Vågen bedehus vigsla. Den dagen var det fest i bygda. No, hundre år seinare, feirar Vågen 100-årsjubileet med festhelg på bedehuset helga 2. – 4. desember. Johnn R. Hardang er invitert som talar.

I samband med jubileet er det gitt ut eit jubileumsskrift på 100 sider i A-5-format som fortel historia om korleis huset vart til, kven som var aktive, korleis huset har utvikla seg i desse åra, om vekkingar og mykje anna. Det vert og gitt eitt oversyn over det aktive barne- og ungdomsarbeidet som vert drive i huset i dag. Endeleg er det ein artikkel om kva plass bedehuset vil ha framover.

Det er styret for bedehuset som gir ut heftet som er redigert av Kåre Berge og Arne Borgemyr. Planen er at alle husstandar i Vågen skal få eit eksemplar.



Med eit opplag på 500 vil det og bli høve for interesserte å kjøpe heftet.

AB

Teikne-konkurransen i skulane

Også i år har elevar i 1. – 7. klasse blitt inviterte til å vere med i Hyrdingen sin teiknekonkurransen. Motivet skulle hentast frå Jakob Sande sin julesong: Det lyser i stille grender. Me har mottatt mange fine teikningar frå dei fleste skulane. Skjold og Vågen skular har ikkje vore med i år.

Ein jury har nominert vinnarar i dei ulike klassane. Hyrdingen sin redaksjon har gjort dei endelige vala. Det er kåra ein samla vinnar for kvar av klassestega 1-4 og 5-7 blant alle teikninga me har fått. Begge desse blir avbilda i desemberutgåva av Hyrdingen, den eine på framsida. Det er elles kåra ein eller to vinnarar ved kvar av dei skulane me har fått inn teikningar frå. Også desse blir vist i Hyrdingen.

Vinnarane vil få ein premie før jul. Hyrdingen sin redaksjon vil takke alle som har vore med i konkurransen!



Stina Lunde i 2. klasse ved Bjøa skule er vinnar av konkurransen blant alle skulane i gruppa 1. - 4. klasse.



Teikna av Nora Askeland, 3. klasse, Vats skule.

Vennskapskonsert i Skjold kyrkje

Med nesten fulle benkerader kunne sokneprest Martin Ivar Arnesen ynskja velkommen til over to timer med musikk av høg klasse. Aktørane som var frå fleire av bygdene i Vindafjord, stilte opp gratis. Lyd og lys var profesjonelt styrt og folk kunne gle seg over musikk i eit spenn frå rolege orgeltonar med Arne Tveit til barnekor, gospel, viser og rock. Torgeir Eidhammer hadde oppgåva som konferansier.

-Inntektene går til vennskapssamarbeidet Vindafjord-Ihosy på Madagaskar, kunne Steinar Sørhus fortelje. Me skal m.a. dekka kostnaden med at nokre speidarar frå Ihosy kan koma til Noreg og delta på speidarleir til sommaren. Det er 200 speidarar der fordelt på fire grupper. Kvart år deltek 50 av dei på engelsk-kurs, og dei beste vert trekte ut til å få koma hit på leir saman med norske speidarar. Til konserten var det 230 som løyste billett og med over 50 musikkarar og crew var det omlag 300 i kyrkja denne kvelden.

Etter at soknepresten hadde leia ein liten seremoni med ljostunning for kvar av kyrkjessokna i Vindafjord, fekk Skjold barnekor ord og tonar, med "Tuppen av alt," "Levende reklame" og "Drømme-



ønsket." På veggen gjekk heile tida ein serie med ljosbilete frå Madagaskar, sett saman av Birte Barane.

Så fekk vi lytta til Arne Tveit sine orgelvariasjonar over "Å hvor salig det skal blive," og fleire songar av Julie Andreassen, Lydia Haugan Helland og Gunnhild Skeie som imponerte med sine gode songstemmer i songane: "Ka e du redd for" og "Wade in the water." Etter dette fekk bandet "Level 6" scenen før ein pause med sal av kaker, kaffi og pølser i brød.

Konserten heldt deretter fram med: "That's what friends are for" og "True

Friends" med Nomi Bang Bekkevold og Helene Økland på piano. G17 koret med profesjonelt husor-kester stod for fleire song og musikk-innslag

På programmet var også dei lokale finalistane frå Norske Talenter: Berge Ohm og Gro Marit Larsen, som kvar framførte fleire songar for eit imponert publikum. I avslutninga fekk alle ståande delta i songen "Barn av Regnbuen", til musikk av G17-orkesteret og med alle songarane oppstilte framme. Det var ei verdig avslutning på ein venskapskonsert med glede, varme og med dyktige songarar og musikkarar.



Teikna av Hedda Gjerde i 4. klasse, Vikedal skule.

50-årskonfirmantar i Vikebygd



50-års-konfirmantane ii Vikebygd. Frå venstre: Sokneprest Nedrelid, Solveig Trovåg Alne, Elisabeth Hjartnes Vestbø, Aud Stene Lauareid, Jenny Margrete Skogen Hellen, Helene Brekke Ohm, Målfrid Skartland Endresen, Magnhild Tindeland Ystebø, Solfrid Skogen Tolefson, Eva Frøvik Flåtene, Arne Bjordal, Martin Dommersnes, Per Vik.

Dei vart konfirme i året 1961. Søndag 16. oktober kunne dei feira 50-års jubileum i Vikebygd, men då kyrkja var stengd for oppussing var Gudstenesta lagd til bedehuset.

-Me var dei første som tok i bruk kvite

kappar, kunne jubilantane fortelja, - men me hadde vel ikkje komme inn i dei i dag, lo dei. Dette var eit av dei største konfirmantkulla som har vore i Vikebygd. 17 ungdommar vart konfirmeide den gongen, og av dei møtte 12 til jubi-

leumsmarkeringa. Etter Gudstenesta vart resten av dagen markert med middag på Gamlatunet. Her kunne dei og nyta høvet til å drøsa om ungdomstida som dei hadde i saman i bygda.

50-årskonfirmantar i Skjold



Dei var samde om at det hadde vore ei gild konfirmasjonstid, dei 28 femtiårs-konfirmantane som var samla i Skjold kyrkje under Gudstenesta 9. oktober. Fleire framheva sokneprest Time som ein respektert og vel omtykt prest. Ein kjekk og mimrerik dag vart det for dei alle denne haustsøndagen. Etter Gudsteneste gjekk så turen til Bjordalstunet til middag, kaffi og mykje drøs.

Bakre rekke frå venstre: Sigmund Skjold, Magne Espeland, Gudtorm Breivik, Leiv Nilsen, Egil Eikevik, Olav Dahl, Johannes Havsgård, Kåre Frøyland, Ragnar Time, Gjermund Mortveit, Odd Skjold, Jarle Tveit. Midtre rekke frå venstre: Anne Elise Nesheim f. Dybdahl, Gunnhild Andersen f. Kalstveit, Audhild Heggen f. Kyvik, Kari Finnstad f. Ersland, Berit Karin Langelandsvik f. Vargervik, Ingebjørg Nonslid, Ingvard Handeland. Fremste rekke frå venstre: Svanhild Vinnes f. Mortveit, Kari Jensen f. Bjørkheim, Kari Alfredsen f. Sandvik, Laila Tverrgrov f. Wiestad, Margrethe Rasmussen f. Hebnes, Bergit Jacobsen f. Breivik, Anne Marie Askeland f. Budeng, Brita Steinsvik f. Grinde, Berit Ormseth f. Knutsen.

Min song: Du som bryter lenker

Ein song som betyr mykje for meg står i Sangboken nr 304. Året er 1959, og eg er 18 år gammal. Saman med 22 andre jenter frå heile landet begynte eg då på Diakonissehuset på Lovisenberg i Oslo.

Kriteria for å komma inn der var strenge. Me måtte vera kristne og ha ein god vandelsattest. (Eg hadde min frå lensmannen i Sveio). Det hjelpte vel og at mor hadde gått der før.

Dei første tri månadane var det forkurs. Me jentene budde saman i ein lang korridor på elevheimen. Kvar morgen var det andakt i matsalen på Diakonissehuset før frukost. Det var me jentene som hadde den på omgang, og det var ikkje nokon spøk å ha andakt for alle dei "gamle nissene" og forstandarinna. Men me jentene blei ein samansveisa gjeng, og me hadde ikkje vore der mange dagane før me valde oss ein kullsong : "Du som bryter lenker, løser trellers bånd". Den blei sungen når me



kom saman på romma våre eller på samlinger i daglegstova gjennom alle dei tri åra me var der. Nå treffest me kvart tredje år, og kullsingen blir sungen kvar gong.

Den gongen var det eitt kall å vera sjukepleiar, og bøna for oss jentene var som det står i andre verset: *Glad i lys å vandre Hvor enn veien går*. Og bøna for oss jentene var nettopp det å få vera eit lys for andre, og vera ein tenar for Gud i arbeidet vårt som sjukepleiar.

Ønskjer alle ei god adventstid og ei velsigna jul!

Helsing Anne Marie Bjørnevik

**Du som bryter lenker,
løser trellers bånd**

Du som bryter lenker, Løser trellers bånd,
Du som frihet skjenker Ved din Hellig Ånd,
Frem til deg jeg trenger Fra mitt fengsel ut,
Ingen slave lenger, Men et barn av Gud.

Kor:

Jeg er din, o Jesus, Jeg er din, bare din.
Kjøpt til din å være, Helt og holdent din.

Glad i lys å vandre Hvor enn veien går,
Selv et lys for andre, Det er gode kår,
Og i hellig smykke Gå ham ganske nær,
Det er livets lykke For hans unge hær.

Til det mørke fengsel Aldri mer jeg går.
Hjertets dype lengsel Til din himmel står.
Glad jeg til de andre Roper det jeg kan:
Kom med oss å vandre Til det lyse land!



Konfirmantkullet 1961 i Skjold.

Øvst frå venstre: Gunnar Langelandsvik, Kåre Frøyland, Asbjørn Dagsland, Rolf Tørresdal, Sigurd Dagsland, Jan Skogen, Jarle Tveit, Ådne Bratthammer. Andre rekke: Olav Dahl, Gjermund Mortveit, Odd Skjold, Ragnar Time, Kjell Dyngen, Gudtorm Breivik, Sigmund Skjold, Leif Nilsen, Johs. Havsgård, Magne Espeland. Tredje rekke: Ingvard Handeland, Torstein Vargervik, Egil Eikevik, Nils Gunnar Haraldseid, sokneprest Kaare Time, Jan Reidar Alvseike, Henrik Langeland, Svein Ove Vik. Jenter ståande frå venstre: Anne Elise Dybdahl, Kari Ersland, Laila Wiestad, Liv Bodil Meland, Gunhild Kalstveit, Audhild Kyvik, Ingebjørg Nonslid, Berit Knutsen, Svanhild Mortveit, Kari Sandvik. Andre rekke: Solveig Dybdahl, Reidun Skjold, Kari Bjørkheim, Berit Karin Vargervik, Margrete Hebnes, Anna Kristine Langelandsvik. Fremste rekke: Brita Grinde, Else Aursland, Bergit Breivik, Anne Marie Budeng.

Temaveke ved Imsland skule

I forbindelse med jubileet til Imsland kyrkje hadde me på Imsland skule ei temaveke om kyrkja. Me hadde besøk av Tomas Finnvik på skulen. Han fortalte frå kyrkja og kyrkjelivet. Elevane syntest det var interessant å høyra korleis det var før i tida.

Elevane laga veggavis frå det dei lærte av Tomas, og frå det som stod i den flotte jubileumsboka om kyrkja.

Ein av dagane hadde me kyrkjevandring nede i kyrkja. Sokneprest Harald Eintveit var med og fortalte og syntet oss rundt. Elevane laga flotte sakteikningar frå kyrkja, dei laga kolstiftteikningar, og nokre av elevane måla Gud. Alt dette blei stilt ut på Bygdahuset på jubileumsfesten.

Me byrja tidleg i haust å samla tomme melkekartongar. Me ville bruka dei til å laga ein modell av kyrkja. Den blei ikkje ferdig til jubileet, men nå står modellen utstilt i Imsland kyrkje. Ingrid Marie Dale hadde ansvar for dette prosjektet.

Helsing oss på Imsland skule




Skjold kyrkje: Sondre Brattland og Annbjørg Lien

Det var med stor forventning dei om lag 180 frammøtte kom til Skjold kyrkje ein ruskut mandagskveld i oktober for å høyre den folkekjære songaren Sondre Brattland saman med den eminentne musikaren Annbjørg Lien. Og dei vart ikkje skuffa. Samklangen mellom røyst og streng gav attklang både i rom og hjarte i songar/folketonar som m.a. "Se solens skjønne lys og prakt", "Guro rid til ottesong", "So rodde dei fjordan", "Dagsens auga sloknar ut" og mange fleire.

Dei frammøtte for ikkje tomhendte heimatt denne haustkvelden.





Teikna av Madelen Staurland, 12 år, Imsland skule.



Teikna av Vilde Isabell Langhelle, 3. klasse, Vik skule.

Basar på Sandeid Bedehus!

Tirsdag 22. november hadde me den årlege basaren på bedehuset i Sandeid. Bygdefolket møtte opp, så det nesten ferdigoppussa bedehuset vart fullt også i år. Bedehuset er så heldige å ha eigen basarkomité. Desse damene ”gir alt” for ein vellykka basar. Ekstra kjekt var det at 1. og 2. klasse frå Sandeid Skule kom på besøk og underhaldt med sanger og regler. Dei var berre kjempeflinke. Talaren i år var Jens Tveit som fenga både unge og eldre, ein varm takk til han.

Når me har basar på bedehuset blir det alltid servert mykje god mat. Kaffikos med rundstykker, kaker og saft. Stor takk til dei kjekke damene på kjøkken. Vil også takke bygdefolk og bedrifter som stiller opp med fine gevinstar til basaren. Og til slutt alle som møtte opp og tok lodd og gjorde kvelden til ein triveleg kveld. Det kom inn kr 32.000,-.

Bedehuset med ”basardamene” har hatt loppemarked med auksjon i haust. Her har også bygdefolket stilt opp med lopper. Det kom inn kr 21.000,-.

Dette er kjærkomne penger som skal brukast til vidare oppussing, og fornying av stoler og bord.

Styret takkar for innsatsen!



Teikna av Tirill Ivesdal, 3. klasse, Ølen skule.



Ein del av speidargruppa i Skjold fotografert utanfor kyrkja etter familiegudstenesten 13. november.

Speidaren i Skjold 40 år

26. november 1971 starta skulemannen og bonden Kjell Kalstveit opp med speidararbeid i Skjold. Oppstarten var på det største bedehuset i bygda, Austrheim bedehus. Då var det gutar over 11 år som var målgruppa. Fem år seinare vart ulvveflokken starta, eit tilbod for gutar ned til 8 år. Fyrst tidleg på 1990-talet kom jentene med. I 2003 slo jente- og guttespeidarane seg saman. Det gjorde speidararbeidet enklare.

Speidaren i Skjold er populær. Dei siste åra har mellom 90 og vel hundre vore med. Ekstra inspirerande vart det då lokala i kjellaren i den nye kyrkja stod ferdige i 1999. Fem smårom, eit stort rom og kjøkken saman med gode uteareal gjer arbeidet enklare. Dette vart ei vesentleg nivåheving frå lokala i det gamle Jøsendalshuset.

Speidaren appellerer til mange: Her er det rom for alt frå det enkle friluftslivet til tøffe, strevsame turar vinterstid. Men leikar, konkurransar, førstehjelp, laga knutar, få i stand ein teltleir, ta ansvar og ha omsorg for kvarandre – er læring for resten av livet. Ein andakt høyrer også. Og så er krets- og landsleirar høgdepunkt for opplevelingar og vennskap.

Det er grunn til å takke trufaste speidarleiarar som år etter år brukar fritid og krefter i eit positivt arbeid for born og unge i Skjold!



Gruppeleiari Sigbjørn Willy Mortveit overrekker kretsleiari Lars Koltveit eit rose-måla fat som takk for mangeårig innsats for speidararbeidet i Skjold. I mange år etter at Lars flytta til Sand i Suldal, tok han turen til Skjold torsdagskveldane, og han var med på leifar. Det er mange som er takksame for innsatsen Lars har gjort for speidararbeidet i Skjold.



På familiegudstenesten 13 november vart Annhild Mortveit tatt opp som leiari. Kretsleiari Lars Koltveit stod for seremonien.



Born i gatene utanfor rådgjevingssenteret for HIV/AIDS i Dechatu, Dire Dawa, Etiopia.

Biblar til Afrika

Bibelen kan endre Afrika! I dag ser vi at den sørlege delen av Afrika blir dominert av dei kristne kyrkjene, og store delar av folket vedkjenner seg kristen tru. I den sentrale og nordlege delen av kontinentet er situasjonen annleis.

Mange statar har ein stor muslimsk folkesetnad og mange praktiserer framleis gamle religionar. I 2012 vil Bibelselskapet rette merksemda mot Etiopia, Afrikas mest folkerike stat, eit stort land med ei av dei eldste kyrkjene i verda. I motsetnad til resten av Afrika har Etiopia aldri vore ein koloni under europeiske statar. Men det er eit av dei fattigaste landa i verda med ein stor folkesetnad på landsbygda med låg utdanning.

Det er stor interesse for Bibelen i Etiopia. Men landet har mange folkeslag som talar ulike språk. Det er ei stor utfordring å skaffe biblar til alle. Omsetjing til mange

av dei lokale språka er viktigast. Talet på biblar som blir spreidd aukar stadig, men det er vanskeleg å skaffe nok biblar til ein rimeleg pris slik at også den fattige delen av folket kan få sin eigen bibel.

Bibelselskapet har utvikla eit program for å avgrense utviklinga av HIV/AIDS. Det er svært suksessrikt i Etiopia. Ved hjelp av bibeltekstar – og særleg likninga om den miskunnsame samaritanen blir det opna rom for samtalar om korleis ein skal leve for å unngå smitte, og korleis ein skal ta vare på dei som allereie er råka.

Varda har vore vitne til enno ei sultkatastrofe på Afrikas horn. I ei slik tid er det mange munnar å mette, kropper som treng varme og sjeler som treng næring og von. Kyrkjene i Etiopia er aktivt involvert i naudhjelpsarbeidet som blir utført.

Bibelselskapet i Etiopia hjelper kyrkjene med å gi bodskapen om von gjennom å

sørge for Det nye testamentet på lokale språk til dei som ønskjer det, både i papirform og på kassettar. Særleg i flyttingleiarar med mange eritrearar er det stor etterspurnad etter biblar.

Midla som blir samla inn på Bibeldagen vil mellom anna gå til:

- Omsetjing til seks lokale språk
- Biblar til skuleungdom og studentar
- Utvikling og distribusjon av lydbøker for dei som enno ikkje kan lese
- Avgrense utviklinga av HIV/AIDS

Kvart år blir det lagt ut informasjon og bilete frå bibeldagsprosjektet på www.bibel.no/bibeldagen

Bibelbaserte traktatar til utdeling kan tingast frå Bibelselskapets nettbutikkandel: www.bibel.no/traktater eller på e-post: bibelmisjon@bibel.no

Bibeldagen 2012 er 5. februar.

Ny bibelomsetjing frå Bibelselskapet Seld i 45 000 eksemplar på 3 veker

Mange vil ha merka seg at Bibelselskapet i haust har gitt ut nye bibelomsetjing både på bokmål og nynorsk.


-Når Bibelselskapet no investerer i ei ny omsetjing av Bibelen, er det ikkje minst med tanke på nye generasjonar. Dei skal få oppleve at Gud snakkar deira språk, seier Stein Mydske i Bibelselskapet.

-Vi håper også at vi gjennom ei ny omsetjing kan nå ut til mange nye leesarar. Difor blir bibelteksten også lansert i andre medium. Vi veit at ungdom bruker meir tid på mobiltelefon, iPad, lesebrett og PC enn på vanlege bøker.

Der skal dei òg finne den nye Bibelen.

Kvifor var det nødvendig med ny omsetjing no?

-Norsk språk forandrar seg raskt, og det er difor ei spesiell utfordring å lage eit nytt bibelspråk som både kommuniserer godt med ungdom og som ikkje blir for kvardagsleg og uhøgtideleg. Dette var hovudrunner til at arbeidet med å revidere 1978-omsetjinga blei sett i gang. Den nye omsetjinga vart lanserte den 19. oktober og har selt i hele 45 000 eksemplar på bare tre veker. Det kvalifiserer til



plassering på bestseljarlistene. No er ei etterlengta forsyning av Bibelen i stor utgåve kome til Bibelselskapet sitt lager i Hobøl.

Sprell levande Gudstenester

Barna i Vikebygd fylte kyrkja med lovsong

Så var kyrkja klar for nyopning. Stil-laset stod der ennå, men inne var alt som før. Det var nesten 100 store og små som fann vegen inn i kyrkja. Alle fire-åringane var spente, dei skulle få ein bibel og var spesielt inviterte. Det var kateketen vår, Britt Karstensen, som leia den sprell levande gudstenesta og hausttakkefesten. Borna kom inn i tog og hadde med seg frukt, grønsaker og blomar som dei pynta med framme i koret.

Etter kvart fekk borna koma fram og syngja for dei vaksne, og jubla for Her-ren. Det var laurdagsklubben som song og viste stor glede.

Så skulle Britt fortelja om Jesus. Ho bad alle borna koma fram og setja seg fremst på golvet. Då reiste fleire mann-folk seg og kom fram med plakatar. "Ikkje lov å le", "Born ikkje adgang!", var mellom det som stod på plakatane. Dei måtte fint gå til sides og stilla seg i ein krok, der dei og fekk høyra om mødrene som kom med borna sine til Jesus. Lærersveinane ville jaga dei vekk, Jesus har ikkje tid, sa dei.

Men Jesus kom med den utsegna som har vorte ståande som eit symbol på kva Kristendommen står for: "La borna koma til meg og hindra dei ikkje, for Himmelriket hører slike til!" sa han. Så kunne dei vaksne snu seg og plakatane



Barna i Vikebygd fylte kyrkja med lovsong.



I Ølen kyrkje gjorde Vågen sondagsskule Gudstenesta "Sprell levande".

sine, og syna fram teksten på den andre sida: "Kom", "Jesus elskar alle born" stod det mellom anna. "Du må ta i mot Jesus på same måte som borna gjer det," fortalte Brit Nelly, som spelte Jesus i det-

te rollespelet. Ei preike som inkluderte både borna og dei vaksne. Etter gudstenesta fekk alle vera med på eit måltid og mange stoppa igjen for å prata og få seg kake eller frukt.



Teikna av Sara Marvik Johansen,
2. klasse, Imsland skule.



Teikna av Marthin Miljeteig Svendsen, 2. klasse, Sandeid skule.



Teikna av Ole Tjerand Staurland, 6. klasse, Vikedal skule.

Trusopplæring – ei felles oppgåve

I førre nr. av Hyrdingen hadde me ein artikkel om trusopplæring og gjevartenes-

te til kyrkjelydspedagog. Nedanfor finn du eit skjema du kan fylle ut og sende dersom

du vil vere med. Dersom du fyller ut personnummer, får du skattefritak for gåva.



JA – eg vil delta i gjevartenesta med skattefrådrag til stillinga som kyrkjelydspedagog

Avtalen gjeld frå januar 2012 og maks fram til utgangen av 2014, til dess det kjem statlege midlar frå trusopplæringsreforma eller til eg sjølv seier den opp. Obs! Vi vil ta kontakt med deg for å avtale kva type betalingsmåte og varsling du ønska å nytte før evt. trekk vil utført.

PS! Me tilrår at du set maksimum beløpsgrense til kr 1500,- per trekkmånad, for å ta høgde for eventuelle framtidige endringar. Du vil uansett aldri bli trekt for meir enn det faktiske avtalte beløp.

Avtale Giro

Mottakar:

Vindafjord fellesråd - Trusopplæringstiltak

Betalingsmåte: Avtalegiro Faktura

Fast beløp: kr 100 kr 200

Trekkes: Pr månad Kvartal

Dag for belastning: 15. 25.

Mottakars konto:

3240 07 61573

Faktura pr e-post

kr 500

Halvår

Beløpsgrense pr trekkmånad:

Kr.....

Ordnar fast overføring i nettbank sjølv

annan sum kr.....

Belast mitt konto nr.:

Kid-nr.

(Kid fylles ut av Vindafjord Fellesråd i etterkant.)

Eg ynskjer ikkje å motta varsel i forkant av betalinga (gjeld avtalegiro)

Namn

Personnr. (krav for skattefritak)

Adresse:

E-post:

Post nr/ Stad:

Mobil:

Stad/Dato:

Underskrift:

Send svarslien til: Kari Vik Stuhaug, 5585 Sandeid (leiar i Felles utval for trusopplæring)

Betalingsmottakar: Vindafjord Fellesråd - Trusopplæringstiltak. Postboks 6. 5574 Skjold

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLMvgs

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLMvgs

LUNDENESET VGS
Vi er en del av NLMvgs

Kyrkjelydshelg

Kyrkjeturnet inviterar til kyrkjelydshelg på Stemnestaden i Tysvær 13-15. januar 2012.



I fellesskap rundt matbord, i leik og i alvor kan me bli betre kjende med kvarandre, dela tankar om tru og tvil, og få åndeleg påfyll. **Tema for helga:** MEIRSMAK. Ola Ohm blir med oss. Han kjem frå Vindafjord og er utdanna kantor og prest.

Han arbeider i dag som prest i Åmøy og pastor i Frikyrkja. Han skal leie oss i lovsong og bibelformidling. Me gler oss til å møta Ola Ohm igjen.

For meir opplysingar og påmelding:

Liv Herborg Wold: lhwold@webmail.no

Siv Heidi Eidsheim: sheidsheim@lvs.no

Lars Dalen: lars@omega.no




5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59
tlf. 52 70 42 90

Åpningstider:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

FRÅ KYRKJEBOKA

SKJOLD

Døypte:

09.10. Miriam Rätz
09.10. Marta Skjold

Døde:

05.10. Olaug Dagsland f.1921
10.10. Helene Johanne Haraldseid f.1923

VATS

Døypte:

02.10. Juli Krakk Gjil
16.10. Jone Blikra-Ohm

Vigde:

08.10. Cherry May Basadre Saflor og
Stein Eikesdal

Døde:

21.10. Ingvald Eirik Natskår f.1933
24.10. Oslaug Skjervheim f.1923
29.10. Jakob T. Børve f.1926
02.11. Olav Espeseth f.1930
(Gravlagn Bø kyrkjegard)
05.11. Sigfred Urdal f.1931

VIKEDAL

Dåp:

09.10. Isak Staurland Kvamme
30.10. Siri Espenvoll Leifsen

IMSLAND

Døde:

24.10. Marie Solland f.1919

SANDEID

Dåp:

02.10 Otelie Jansen

Vigde:

12.11. Laila Stople og Bjørn Magne Enge

Døde:

15.10. Susanne Kro f.1931
23.10. Lovise Torborg Berg f.1924

*Liste frå Ølen manglar
grunna sjukdom*

MØTER OG KUNNGJERINGAR

Vågen bedehus

søndag 11. desember kl. 19:00: Lysmesse Ølen kyrkje
onsdag 14. desember kl. 19:30: Bønnemøte
søndag 18. desember kl. 11:00: Søndagsskule
kl. 19:30: Adventsmøte. Tekstlesing, song og musikk
onsdag 28. desember kl. 17:00: Julefest
torsdag 29. desember kl. 19:00: Julefest med Frelesesarméen
søndag 8. januar kl. 19:30: Misjonsmøte. Torunn og Karl Einar Tvedt.
onsdag 11. januar kl. 1930: Bønnemøte
onsdag 18. januar kl. 19:30: Bedehusbasar
søndag 22. januar kl. 19:30: Årsmøte for bedehuset. Andakt ved Leon Dyngeland
onsdag 25. januar kl. 19:30: Bønnemøte
søndag 29. januar kl. 19:30: Møte om Kristen nærradio. Georg Mork.

Bedehusa i Skjold

Austerheim bedehus Juletrefest tysdag 27.12. kl. 19.00
Ersland bedehus Juletrefest tysdag 27.12. kl. 18.30

VI SYNG JULA INN!

Sandeid kyrkje tysdag 6. des. kl. 18,00
Imsland kyrkje tysdag 13. des. kl. 19,00
Vikedal kyrkje onsdag 14. des. kl. 19.00

Hjarteleg takk til alle som støtta demensaksjonen vår!

Takk for flott resultat, kr 17.260,-
Nedre Vats Helselag

Slipp Ordet Løs!

er utgitt av Bibelselskapet i anledning den nye
bibeloversettelsen høsten 2011.
Overskuddet av salget går til bibelarbeid i Etiopia.

20,-

Bestill på baksiden av dette kortet
Fra 50 stk kr 9,50 pr stk



Teikna av Erlend Sørås Genberg, 5. klasse, Bjoa skule.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
11. desember 3.s.i adv. Luk 3,7-18	Vikedal kl. 17.00 Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Skjold kl. 11.00 Dåp. Nattverd Takkoffer: KRIK	Ølen kl. 19.00 Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer: KRIK
18. desember 4. s.i adv. Luk 1,39-45	Imsland kl. 11.00 Familiegudsteneste Utdeling av ”Mi kyrkjebok” til 4-åringane Offer: Kyrkjelyden		Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Evangeliesenteret Vikebygd kl. 19.00. Lysmesse ved speidarane og konfirmatane. Takkoffer: Vikebygd KFUM-KFUK.
24. desember Julaftan Luk 2,1-20	Sandeid kl. 14.30 Offer: Kirkens Nødhjelp Vikedal kl. 16.00 Offer: Kyrkjelydsarbeidet Imsland kl. 14.30 Offer: Kirkens Nødhjelp	Vats kl. 14.30 Offer: Misjonsprosjektet i Thailand Skjold kl. 16.00 Offer: Misjonsprosjektet på Madagaskar	Ølen kl. 14.30 Offer: Kirkens Nødhjelp Ølen kl. 16.00 Offer: Misjonsprosjektet Bjoa kl. 14.30. Offer Vikebygd kl. 16.00 Offer: Misjonsprosjektet
25. desember Juledag Joh 1,1-14	Imsland kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Dåp. Nattverd Takkoffer: NMS	Skjold kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Offer: Normisjon	Ølen kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Offer: Kyrkjelyden
26. desember 2. juledag - Stefanusdagen Matt 10,16-22		Vats kl. 11.00 Dåp. Nattverd Offer: Misjon i Øst	
31. desember Nyttårskvelden Joh 14,27	Vikedal kl. 16.00 Takkoffer: Diakoniarbeidet	Vats kl. 23.00 Midnattsgudsteneste felles for alle. Nattverd. Takkoffer: Feedback	
1. januar Nyårsdag Matt 1,20b-21	Sandeid kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Sjømannskyrkja		
8. januar Kristi opb.dag Luk 2,40-52	Vikedal kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Vats kl. 11.00 Nattverd Offer: Israelsmisjonen	Bjoa kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer
15. januar 2.s.e. Kristi opb.dag Mark 1,3-11	Imsland kl. 11.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Skjold kl. 11.00 Familiegudsteneste. 11-års fasen Offer: Bibelselskapet	Ølen kl. 19.30 Kveldsgudsteneste med nattverd. Takkoffer
22. januar 3.s.e.Kr.opb Joh 4,4-26	Sandeid kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Vats kl. 17.00 Familiegudsteneste. 11-års fasen Offer: Bibelselskapet	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer. Vikebygd kl. 11.00 Familiegudsteneste. Biblar til 5. klasse. Takkoffer.
29. januar 4.s.e. Kr.opb Joh 9,1-7.35b-38	Vikedal kl. 11.00 Takkoffer: Diakoniarbeidet	Skjold kl. 17.00 G-17 gudsteneste Nattverd Søndagsskule Offer: Søndagsskulekrinsen	Ølen kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer.
5.februar Såmannssonndagen Mark 4,26-34	Imsland kl. 16.00 Takkoffer: Bibelselskapet	Vats kl. 11.00 Generasjonsgudsteneste Offer: Søndagsskulekrinsen	Bjoa kl. 11.00 Familiegudsteneste. Biblar 5. klasse. Takkoffer



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 9. februar
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 21. januar.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)